

## **SAK 55/12 SAMARBEID KOMMUNE – POLITI VEDR. «RUSKONTRAKTER»**

### **Saksopplysing**

På møte i regionrådet 21.9.2012 vart det orientert om ordning med ”avtale om rusmiddelkontrakt for ungdom”, fra Nordre Buskerud politidistrikt. Det vart bestemt at regionrådet og rådmannsutvalet skulle drøfte saka på neste møte.

Føremålet med ordninga er å gi motiverte fyrstegongs narkotikamisbrukande ungdom ein mogelegheit til å bli rusfri, gjennom bekymringssamtale med politiet og gjennomføring av ei ungdomskontrakt med naturlege samarbeidspartar. Ved å gjennomføre ei slik kontrakt får den motiverte ungdom ei mogelegheit til å bli rusfri og går klar av straff gjennom ei påtaleunnlating som blir gjeve av politiet.

Det er eit ynskje å få etablert ei ordning med «ruskontrakter» for Hallingdal, der alle 6 kommunane blir med. For at en slik ordning skal komme på plass å gi eit likt tilbod i alle kommunane i Hallingdal, må samarbeidet formaliserast. Gjennomføring av ungdomskontraktar vil kunne berøre både politiet, SLT-koordinator, helsesøster, psykisk helse og barnevernet i den enkelte kommune. Dett er m.a. avhengig av kva slags behov den enkelte ungdom måtte ha for å klare å gjennomføre ei ungdomskontrakt.

Nordre Buskerud politidistrikt vil kunne ta ansvaret for eit prosjekt i Hallingdal, men er avhengig av eit kommunalt engasjement.

Ål 16.11.2012

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar